

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN****2012/EØS/16/11****nr. 133/2011****av 2. desember 2011****om endring av vedlegg VI til EØS-avtala (Trygd)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg VI til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 76/2011 av 1. juli 2011<sup>(1)</sup>.
- 2) Avgjerd nr. A3 av 17. desember 2009 om samanlegging av ubrotne utsendingsperiodar som er fullførde i medhald av rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004<sup>(2)</sup> skal takast inn i avtala.
- 3) Avgjerd nr. E2 av 3. mars 2010 om fastsetjing av ein framgangsmåte for forvaltning av endringar av opplysningar om dei organa som er definerte i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004, og som er førde opp i det elektroniske registeret som er ein del av EESSI<sup>(3)</sup> skal takast inn i avtala.
- 4) Avgjerd nr. H3 av 15. oktober 2009 om datoen som det skal takast omsyn til ved fastsetjing av vekslingskursen som er nemnd i artikkel 90 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009<sup>(4)</sup> skal takast inn i avtala.
- 5) Avgjerd nr. H4 av 22. desember 2009 om samansetnaden av og arbeidsmetodane til revisjonsutvalet til Den administrative kommisjonen for samordning av trygdeordningar<sup>(5)</sup> skal takast inn i avtala.
- 6) Avgjerd nr. H5 av 18. mars 2010 om samarbeid om tiltak for å hindre svik og feil innanfor ramma av rådsforordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 om samordning av trygdeordningar<sup>(6)</sup> skal takast inn i avtala.
- 7) Avgjerd nr. S4 av 2. oktober 2009 om framgangsmåtar for refusjon ved gjennomføring av artikkel 35 og 41 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004<sup>(7)</sup> skal takast inn i avtala.
- 8) Avgjerd nr. S5 av 2. oktober 2009 om tolking av omgrepet "naturalytingar" slik det er definert i artikkel 1 bokstav va) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 ved sjukdom eller svangerskap og fødsel i medhald av artikkel 17, 19, 20 og 22, artikkel 24 nr. 1, artikkel 25 og 26, artikkel 27 nr. 1, 3, 4 og 5, artikkel 28 og 34 og artikkel 36 nr. 1 og 2 i forordning (EF) nr. 883/2004, og om utrekning av summar som skal refunderast i medhald av artikkel 62, 63 og 64 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009<sup>(8)</sup> skal takast inn i avtala.
- 9) Avgjerd nr. S6 av 22. desember 2009 om registrering i bustadsstaten i medhald av artikkel 24 i forordning (EF) nr. 987/2009, og om utarbeiding av oversikter slik det er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i forordning (EF) nr. 987/2009<sup>(9)</sup> skal takast inn i avtala.

<sup>(1)</sup> TEU L 262 av 6.10.2011, s. 23, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 6.10.2011, s. 46.

<sup>(2)</sup> TEU C 149 av 8.6.2010, s. 3.

<sup>(3)</sup> TEU C 187 av 10.7.2010, s. 5.

<sup>(4)</sup> TEU C 106 av 24.4.2010, s. 56.

<sup>(5)</sup> TEU C 107 av 27.4.2010, s. 3.

<sup>(6)</sup> TEU C 149 av 8.6.2010, s. 5.

<sup>(7)</sup> TEU C 106 av 24.4.2010, s. 52.

<sup>(8)</sup> TEU C 106 av 24.4.2010, s. 54.

<sup>(9)</sup> TEU C 107 av 27.4.2010, s. 6.

- 10) Avgjerd nr. S7 av 22. desember 2009 om overgang frå forordning (EØF) nr. 1408/71 og (EØF) nr. 574/72 til forordning (EF) nr. 883/2004 og (EF) nr. 987/2009, og om bruken av framgangsmåtar for refusjon<sup>(10)</sup> skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg VI til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 3.2 (beslutning nr. A2) skal nytt nr. 3.3 lyde:

”3.3. **32010 D 0608(01)**: Avgjerd nr. A3 av 17. desember 2009 om samanlegging av ubrotne utsendingsperiodar som er fullførde i medhald av rådsforordning (EØF) nr. 1408/71 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 (EUT C 149 av 8.6.2010, s. 3).”

2. Etter nr. 4.1 (beslutning nr. E1) skal nytt nr. 4.2 lyde:

”4.2. **32010 D 0710(01)**: Avgjerd nr. E2 av 3. mars 2010 om fastsetjing av ein framgangsmåte for forvaltning av endringar av opplysningar om dei organa som er definerte i artikkel 1 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004, og som er førde opp i det elektroniske registeret som er ein del av EESSI (EUT C 187 av 10.7.2010, s. 5).”

3. Etter nr. 6.2 (beslutning nr. H2) skal nye nr. 6.3–6.5 lyde:

”6.3. **32010 D 0424(16)**: Avgjerd nr. H3 av 15. oktober 2009 om datoen som det skal takast omsyn til ved fastsetjing av veksingskursen som er nemnd i artikkel 90 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 (EUT C 106 av 24.4.2010, s. 56).

Avgjerdas bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpassing:

I fravær av en offentliggjort veksingskurs fra Den europeiske sentralbanken med henblikk på islandske kroner (ISK), skal veksingskursen som omhandlet i avgjerd nr. H3 artikkel 1 forstås som den daglige veksingskursen fastsatt av Islands sentralbank i referansemåneden.

6.4. **32010 D 0427(01)**: Avgjerd nr. H4 av 22. desember 2009 om samansetnaden av og arbeidsmetodane til revisjonsutvalet til Den administrative kommisjonen for samordning av trygdeordningar (EUT C 107 av 27.4.2010, s. 3).

6.5. **32010 D 0608(02)**: Avgjerd nr. H5 av 18. mars 2010 om samarbeid om tiltak for å hindre svik og feil innanfor ramma av rådsforordning (EF) nr. 883/2004 og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 om samordning av trygdeordningar (EUT C 149 av 8.6.2010, s. 5).”

4. Etter nr. 8.3 (beslutning nr. S3) skal nye nr. 8.4–8.7 lyde:

”8.4. **32010 D 0424(14)**: Avgjerd nr. S4 av 2. oktober 2009 om framgangsmåtar for refusjon ved gjennomføring av artikkel 35 og 41 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 (EUT C 106 av 24.4.2010, s. 52).

8.5. **32010 D 0424(15)**: Avgjerd nr. S5 av 2. oktober 2009 om tolking av omgrepet ”naturalytingar” slik det er definert i artikkel 1 bokstav va) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 ved sjukdom eller svangerskap og fødsel i medhald av artikkel 17, 19, 20 og 22, artikkel 24 nr. 1, artikkel 25 og 26, artikkel 27 nr. 1, 3, 4 og 5, artikkel 28 og 34 og artikkel 36 nr. 1 og 2 i forordning (EF) nr. 883/2004, og om utrekning av summar som skal refunderast i medhald av artikkel 62, 63 og 64 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 987/2009 (EUT C 106 av 24.4.2010, s. 54).

8.6. **32010 D 0427(02)**: Avgjerd nr. S6 av 22. desember 2009 om registrering i bustadsstaten i medhald av artikkel 24 i forordning (EF) nr. 987/2009, og om utarbeiding av oversikter slik det er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i forordning (EF) nr. 987/2009 (EUT C 107 av 27.4.2010, s. 6).

8.7. **32010 D 0427(03)**: Avgjerd nr. S7 av 22. desember 2009 om overgang frå forordning (EØF) nr. 1408/71 og (EØF) nr. 574/72 til forordning (EF) nr. 883/2004 og (EF) nr. 987/2009, og om bruken av framgangsmåtar for refusjon (EUT C 107 av 27.4.2010, s. 8).”

<sup>(10)</sup> TEU C 107 av 27.4.2010, s. 8.

*Artikkel 2*

Teksta til avgjerd nr. A3, E2, H3, H4, H5, S4, S5, S6 og S7 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2011, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(\*), eller på den dagen avgjerd i EØS-komiteen nr. 76/2011 av 1. juli 2011<sup>(1)</sup> tek til å gjelde, alt etter kva som skjer sist.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 2. desember 2011.

For EØS-komiteen

**Kurt Jäger**

Formann

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

<sup>(1)</sup> TEU L 262 av 6.10.2011, s. 23, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 6.10.2011, s. 46.